



## KYSTVERKET

Vest

Blom Fiskeoppdrett As  
post@blomsea.no

Dykker ref.:

Vår ref.:  
2015/539-7

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Johan Sørensen

Dato:  
13.08.2015

### Tillatelse til etablering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure - Lokalitet 10086 - Rekeviki - Lindås kommune - Hordaland fylke

#### 1 Bakgrunn

Vi viser til søknad av 21. mai 2015 vedrørende ovannemnde.

Søknadar om akvakulturanlegg skal handsamast av fleire statlege myndigheter etter forskjellige regelverk; fylkesmannen, Mattilsynet, fylkeskommunen og Kystverket. Sakshandsaminga er samordna ved at fylkeskommunen sender ut eitt samla vedtak etter at dei andre sektormyndighetene har handsama saka etter eige regelverk.

Dette vedtaket frå Kystverket etter havne- og farvannsloven vert no sendt Hordaland fylkeskommune som grunnlag for eit samla vedtak. Den samordna handsaminga får betyding for klagefristen, sjå nærmere om dette nedanfor under punkt 6 Klage m.

Tiltaket kan ikkje setjast i verk før det føreliggende endelege løyve frå fylkeskommunen.

#### 2 Skildring av saka

Blom Fiskeoppdrett As har søkt om løyve til utviding og endring av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved eksisterande lokalitet 10086 Rekeviki i Lindås kommune.

Noverande stålanlegg søkes skifta ut med eit nytt ringanlegg i rammefortøyning, samla storleik 300 meter langt og 100 meter bredt.

Lokaliteten sin plassering kjem fram av vedlagte kart med teikning og posisjonar over anlegget inklusive fortøyning angjeve i WGS 84/EUREF 89.

Utviding av anlegget kravde dispensasjon frå gjeldande kommuneplan, noko Blom Fiskeoppdrett As har søkt om. Lindås kommune har, jfr brev av 4. juni 2015, innvilga dispensasjon som omsøkt for etablering av anlegget.

#### 3 Aktuelle reglar

Tiltaket fell inn under havne- og farvannsloven § 27 første ledd som lyd:

#### Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon: +47 07847 Telefaks: +47 70 23 10 08 Bankgiro: 7694 05 06766	Internett: www.kystverket.no E-post: post@kystverket.no Org.nr.: NO 874 783 242
----------------------	---	--	---

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

*"Bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i kommunens sjøområde, krever tillatelse av kommunen hvor tiltaket skal settes i verk. Som tiltak regnes bl.a. fortøyningsinstallasjoner, kaier, brygger, broer, luftspenn, utdypning, dumping, akvakulturanlegg, opplag av fartøy, lyskilder, kabler og rør. (...)."*

Tiltaket fell vidare inn under forskrift 3. desember 2009 nr. 1449 om tiltak som alltid krever tillatelse fra Kystverket § 1 (tiltaksforskriften) som lyd:

*"§ 1. (tiltak som alltid krever tillatelse fra Kystverket)*

*Følgende tiltak kan ikke iverksettes uten tillatelse fra Kystverket, uten hensyn til hvor tiltaket skal iverksettes:*

- a) akvakulturanlegg
- (...)".

Søknaden skal difor avgjerast av Kystverket sjølv om tiltaket det søkjast om skal plasserast innanfor Lindås kommune sitt sjøområde.

Alle tiltak som kan påverke tryggleik eller framkome i farvatnet krev løyve etter § 27. Vurderinga av tiltaket sine verknadar for tryggleik og framkome må gjerast konkret ut frå tiltaket sin art, storleik, plassering og forholda elles på staden. Det er tilstrekkeleg at det er ei rimeleg moglegheit for at tiltaket kan verke forstyrrende på ferdsla.

Med "sikkerheten" i farvatnet meiner ein tryggleiken både for personar, under dette liv og helse, fartøy og eigedom, og ferdsel. Det skal under dette leggast vesentleg vekt på verknadar for sjøtransporten og annan ferdsel på sjøen, men også verknadar for annan aktivitet i farvatnet, jf. lova sin § 1. God "fremkommelighet" inneber at det skal leggjast til rette for uhindra og trygg ferdsel. Det er ikkje "fremkommeligheten" for einkvar som lova skal ivareta, men alminneleg framkome, dvs. den alminnelige ferdsel for fleire enn ein enkelt eller nokre få personar. Den konkrete ferdsla sin karakter og intensitet i området må difor vurderast.

I vurderinga av om løyve skal gjevast, skal det også leggjast vekt på havne- og farvannsloven sitt formål som går fram av § 1:

*"Loven skal legge til rette for god fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet i samsvar med allmenne hensyn og hensynet til fiskeriene og andre næringer.*

*Loven skal videre legge til rette for effektiv og sikker havnevirkoshet som ledd i sjøtransport og kombinerte transporter samt for effektiv og konkurransedyktig sjøtransport av personer og gods innenfor nasjonale og internasjonale transportnettverk."*

Formålsregelen inneber at vi i tillegg til å leggje vekt på tryggleik og framkome, også må ha eit heilskapleg syn på farvatnet der omsynet til forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet er av betydning for saka. I denne vurderinga er miljøomsyn relevant, jf. uttrykket "allmenne

hensyn". Det følgjer også av § 26 første ledd at omsynet til miljøet skal ivaretakast når tiltaket vert planlagt, gjennomført, drive og vedlikehalde.

Det følgjer vidare av § 27 første ledd at det ikkje kan gjevast løyve til tiltak som vil stride mot reglar gjeve i eller i medhald av lova, under dette regelen i § 26 første ledd som lyd:

*"Tiltak som krever tillatelse etter dette kapittelet, skal planlegges, gjennomføres, drives og vedlikeholdes slik at hensynet til god fremkommelighet og trygg ferdsel i farvannet samt hensynet til liv og helse, miljø og materielle verdier, blir ivaretatt på en forsvarlig måte."*

Regelen fastset ein alminneleg standard som gjeld direkte for tiltakshavar og for myndigheitene som gjev løyvet.

Det går vidare fram av lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 7 at *"prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet"*. Det skal synleggjera korleis naturmangfaldet er vurdert i vedtaket. I tillegg skal forvaltingsmåla i naturmangfoldloven §§ 4 og 5 vere ein del av vurderinga. Med *"naturmangfold"* meinast biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfold, som ikkje i det alt vesentlege er eit resultat av menneske sin påverknad. Avgjerder som ikkje endrar bruken eller medfører inngrep, og som dermed ikkje råkar naturmangfald, vil som hovudregel falle utanfor verkeområdet til § 7.

Det følgjer av naturmangfoldloven § 8 at offentlege avgjerder som råkar naturmangfaldet så langt som det er rimeleg skal byggje på vitskapleg kunnskap og erfaringsbasert kunnskap om artar, naturtypar og effekten av påverknadar.

Med heimel i havne- og farvannsloven § 29 kan det stillast vilkår til eit løyve. I § 29 heiter det mellom anna:

*"Ved fastsettelsen av vilkår i enkeltvedtak etter dette kapitlet skal det legges vekt på hensynet til god fremkommelighet og trygg ferdsel i farvannet, hensynet til andre næringer, samt hensynet til liv og helse, miljø og materielle verdier. (...)."*

Løyve til tiltak etter havne- og farvannsloven § 27, jf. tiltaksforskriften, kan elles ikkje gjevast i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningsloven utan at vedkomande plan- og bygningsmyndigkeit har gjeve dispensasjon, jf. havne- og farvannsloven § 32 andre ledd.

## 4 Vurdering av saka

Søknaden gjelder utviding og justert plassering av anlegg.

Anlegget er lokalisert på vestsida i Austfjorden, like vest for Kråka. Det er ikkje registrert farlei i det aktuelle sjøområdet. Det er lite sjøtrafikk, i hovudsak fritidsfartøy og fartøy som betener oppdrettsanlegg i fjorden.

Av navigasjonsinstallasjonar finn vi Kråka fyrlykt vest for anlegget. Anlegget vil ikkje ligge konfliktfylt til i forhold til navigasjonssignal frå lykta.

Etter Kystverkets vurdering vil ikkje etablering av anlegg som omsøkt utgjere noko ytterlegare hinder for vanleg og pårekneleg sjøtrafikk i området.

Ein har også vurdert tiltaket i forhold til bestemmingane i naturmangfaldsloven. Ein har ikkje merknader i så måte.

## 5 Vedtak

Med heimel i havne- og farvannsloven § 27 første ledd, jf. forskrift 3. desember 2009 nr. 1449 om tiltak som krev tillatelse av Kystverket § 1 vert det gjeve løyve til etablering av anlegg for oppdrett av kaks og aure ved lokalitet 10086 Rekeviki i Lindås kommune i samsvar med vedlagte stempla kart med teikning og posisjonar over anlegget..

### Vilkår

Med heimel i havne- og farvannsloven § 29 vert løyvet gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal utførast som skildra i løyvet og vist i vedlagte teikning og kartutsnitt. Det må ikkje føretakast endringar utan at dette på førehand er godkjent av Kystverket.

Grunngjeving: Endringar kan medføre annan verknad i farvatnet enn det som er vurdert i samband med løyvet.

2. Eventuelt erstatningsansvar som følge av tiltaket kviler på tiltakshavaren.

Grunngjeving: Det er tiltakshavaren som får fordelen av løyvet. Skulle tiltaket føre til skade, er det naturleg at tiltakshavaren ber utgiftene.

3. Tiltakshavar skal sende inn melding vedlagt kart der tiltaket er nøyaktig innteikna med posisjonar oppgitt i WGS84/Eurer 89 til Etterretninger til Sjøfarende (EFS)/Kartverket Sjødivisjonen, Postboks 60, 4001 Stavanger, straks etter at tiltaket er ferdigstilt. Tiltaket kan ikkje takas i bruk før slik melding er sendt. Kopi av meldinga skal samstundes sendas Kystverket Vest

Grunngjeving: Ferdels- og tryggleiksmessige omsyn for de sjøfarande. For ajourhald og oppdatering av sjøkarta og kunngjering i "Etterretninger for sjøfarende".

4. Anlegget må forankrast/fortøyast forsvarleg slik at det ikkje driv av og vert til fare for den alminnelege ferdsel. Eventuelle fortøyingsblåser/oppalarblåser skal plasserast innanfor anlegget sine ytterpunkt. Ankringstaua skal vere forsvarleg nedsenka. Til fortøyinger utanfor anlegget sine ytterpunkt må det nyttast synketau. Alternativt kan det påmonterast lodd slik at tauverk ikkje under noko omstende flyt opp til overflata.

Grunngjeving: Ferdels- og tryggleiksmessige omsyn.

5. Merking av anlegget skal skje i samsvar med [forskrift 19. desember 2012 om farvannsskilt og navigasjonsinnretninger](#). Vedlegg 2 til denne forskrifa om merking av akvakulturanlegg er vedlagt.
6. Tiltakshavar skal sørge for at alle element som losnar frå akvakulturanlegget, under dette ankringstau som flyt opp, omgåande vert festa forsvarleg på riktig plass eller fjerna. Dersom det ikkje let seg gjere å feste eller fjerne lause og/eller drivande element omgåande, skal tiltakshavar omgående melde frå til NAVCO telefonvakt tlf: 22 42 23 31 (vakt heile døgnet).

Grunngjeving: Ferdels- og tryggleiksmessige omsyn.

7. Ved heilt eller delvis opphøy av produksjonen skal tiltakshavar foreta opprydding av innretningar og utstyr på lokaliteten og tilstøytande sjøområde. Installasjonar kan berre oppbevarast på lokaliteten i den grad det skjer som ledd i drifta. Ved permanent opphøy av drift på ein lokalitet skal det sørjast for fullstendig opprydding, under dette fjerning av installasjonar over og under vatn. Fullstendig opprydding skal vere fullført seinast innan 6 månadar etter opphøy. Melding om dette skal sendast Kystverket Vest.

Grunngjeving: Ferdels- og tryggleiksmessige omsyn.

8. Ved utlegging av anker skal eksisterande installasjonar som til dømes kablar, rør eller leidningar sikrast, til dømes ved at dykkerar deltek ved utlegginga. Eigarar av aktuelle installasjonar skal ha moglegheit til å delta ved utlegging av anlegget.

Grunngjeving: Unngå skade på eksisterande installasjonar.

Vi viser i tillegg til havne- og farvannsloven § 26 som stiller nærmere krav til tiltaket som tiltakshavar sjølv har ansvar for å oppfylle.

I tråd med havne- og farvannsloven § 31 fell løyvet bort dersom arbeidet med tiltaket ikkje er sett i gong seinast tre år etter at løyvet vart gjeve. Det same gjeld dersom arbeidet med tiltaket vert innstilt i meir enn to år. Kystverket kan forlenge fristen éin gong med inntil tre år.

## 6 Klage mv.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast av søkjer og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 – tre - veker etter at samla vedtak frå Hordaland fylkeskommune er kome fram.

Søkjar eller andre med rettsleg klageinteresse står likevel fritt til å klage på Kystverket sitt vedtak før fylkeskommunen har sendt ut det samla vedtaket. Sjå vedlagte *Orientering om klagetilgong*.

Klagnetilgongen må vere nytta før søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket vert reist, jf. forvaltningsloven § 27b. Søksmål kan likevel

reisast når det er gått seks månadar frå klage fyrste gong vart sett fram, og det ikkje skuldast forsøming frå klagaren si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg.

Det vert understreka at det ved avgjerda berre er teke omsyn til reglane i havne- og farvannsloven og ikkje anna lov- og regelverk. Til dømes kan tiltaket vere søknadspliktig etter plan- og bygningsloven, og dette må tiltakshavar sjølv avklare med kommunen. Vidare må forholdet til kulturminnelovgjevinga og forurensningsloven avklarast med vedkomande myndighet.

Havne- og farvannsloven regulerar ikkje nabo- eller eigedomsforhold, og dette vedtaket tek difor ikkje stilling til eller avgjer noko om slike forhold. Søkjaren er sjølv ansvarleg for å innhente naudsynt samtykke frå grunneigarar og andre rettshavarar. Kystverket har ikkje ansvar for å følgje opp dette. Privatrettslege tvistar mellom partane avgjerast anten gjennom avtale eller på andre måtar, til dømes av domstolane.

Med helsing

Knut Stenevik  
avdelingssjef

Johan Sørensen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:  
Hordaland fylkeskommune      [hfk@post.hfk.no](mailto:hfk@post.hfk.no)  
Lindås kommune      [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Vedlegg:  
Orientering om klagetilgong  
Vedlegg 2 – Merking av akvakulturanlegg  
Kart med teikning og posisjonar over anlegget

## **ORIENTERING OM KLAGETILGONG**

### **KLAGEORGAN**

Enkeltvedtak fatta av Kystverket sine regionkontor kan pålagast til Kystverkets hovudkontor, jf. forvaltningsloven § 28.

Enkeltvedtak fatta av Kystverkets hovudkontor kan pålagast til Samferdselsdepartementet, jf. forvaltningsloven § 28.

Klagen skal i både tilfella sendast per e-post til [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no) eller per post til Kystverket, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND.

### **KLAGEFRIST**

Klagefristen er 3 veker fra den dag dette brevet kom fram, jf. forvaltningsloven § 29. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Dersom klagen kjem for sein, kan Kystverket sjå bort fra klagen. Det kan søkjast om å få forlenga fristen, men då må ein opplyse om årsaka til dette, jf. forvaltningsloven §§ 29 og 31.

### **KLAGENS INNHOLD**

Klagen må innehalde følgjande, jf. forvaltningsloven § 32:

- kva vedtak det vert klaga over
- den eller dei endringar som ønskjas
- eventuelle andre opplysningar som kan ha betyding for vurderinga av klagen

I tillegg bør ein nemne dei grunnar klaga støttar seg til. Klaga må underteiknast.

### **UTSETJING AV GJENNOMFØRING AV VEDTAKET**

Sjølv om det er klagetilgong på eit vedtak, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks.

Fyrsteinstansen, klageinstansen eller anna overordna organ, kan avgjere at vedtak likevel ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagen er avgjort, jf. forvaltningsloven § 42. Ein kan søkje om å få utsett gjennomføringa av eit vedtak til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort (søkje om oppsetjande verknad av klagen), jf. forvaltningsloven § 42. Grunngjeven søknad sendast til den etaten som er fyrsteinstans for vedtaket. Ei avgjerd om oppsetjande verknad kan ikkje pålagast.

### **RETT TIL Å SJÅ SAKSDOKUMENTA OG TIL Å KREVJE VEGLEIING**

Med visse avgrensingar har ein part rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningsloven §§ 18 og 19. Parten må i tilfelle ta kontakt med Kystverket. Ein vil då få nærmare vegleiing om tilgongen til å klage, om framgangsmåten og reglane om sakshandsaminga.

### **KOSTNADAR VED KLAGESAKEN**

Ein part kan krevje dekning for vesentlege kostnader i samband med klagesaka, jf. forvaltningsloven § 36. Føresetnaden er då vanlegvis at det organet som trefte det opphavlege vedtaket har gjort ein feil slik at vedtaket vert endra.

Det kan også søkjast om å få dekkja utgifter til naudsynt advokathjelp etter reglane om fritt rettsråd. Vanlegvis gjeld visse inntekts- og formuesgrenser. Klageinstansen eller parten sin advokat kan gje nærmare opplysningar om dette.

### **KLAGE TIL SIVILOMBODSMANNEN**

Dersom ein meiner å ha vore utsett for urett frå den offentlege forvaltinga si side, kan ein klage til Stortinget sin ombodsmann for forvaltinga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvalting har handsama saka, og om det er gjort eventuelle feil eller forsømingar.

## Vedlegg 2 - Merking av akvakulturanlegg

### 1 Innledning

For å ivareta hensynet til en sikker ferdsel til sjøs skal akvakulturanlegg merkes slik at de til enhver tid er godt synlige for sjøfarende.

Vedlegget beskriver hvordan merking av flytende akvakulturanlegg i sjø skal utføres.

Det påpekes at eieren eller den som er ansvarlig for anlegget har ansvaret for at et akvakulturanlegg til enhver tid er forskriftsmessig merket, og at merkingen ellers er i samsvar med eventuelle spesielle vilkår i den enkelte tillatelse til å drive akvakulturanlegg.

Merking av anlegg for havbeite, dvs. akvakultur av krepsdyr, bløtdyr og pigghuder i form av bunnkultur uten at akvakulturdylene blir holdt i fangenskap, omfattes ikke av vedlegget. Det vises til at fylkeskommunen kan pålegge og godkjenne merking av anlegg for havbeite, jf. forskrift 28. august 2003 nr. 1110 om tildeling og drift ved havbeiteverksemd § 29.

### 2 Definisjoner

I dette vedlegget betyr:

- a. *hoveddelen av et akvakulturanlegg* – den delen av anlegget hvor selve produksjonen av akvakulturdyr foregår.
- b. *flåte og lekter* – enheter som utgjør del av et akvakulturanlegg og som kan utrustes med kontor, oppholdsrom, fôrlager eller for produksjon av elektrisk energi med videre.

### 3 Generelt

#### 3.1 Søknad og tillatelse

Etablering av akvakulturanlegg krever alltid tillatelse fra Kystverket etter havne- og farvannsloven § 27. Når det gjelder merking av akvakulturanlegg i samsvar med forskriften § 8 jf. dette vedlegget kreves det ikke egen tillatelse for etablering av navigasjonsinnretninger (IALA spesialmerke) med unntak for radarsvarer (Racon) og AIS navigasjonsinnretning.

#### 3.2 Forskrifter og standarder

Merking av flytende akvakulturanlegg i sjø etter forskriften her må sees i sammenheng med de til enhver tid gjeldende forskrifter og standarder på området.

Videre må merking av akvakulturanlegg etter forskriften sees i sammenheng IALAs anbefalinger og veilederinger.

Det er lagt vekt på at gult er en godt synlig farge.

#### 3.3 Hinder for eller fare for sjøverts ferdsel

Et akvakulturanlegg skal ikke være til hinder for eller fare for sjøverts ferdsel.

#### 3.4 Opphør av drift på lokalitet

Ved opphør av drift på lokalitet enten ved flytting, nedlegging eller på annen måte skal merkingen opprettholdes så lenge det ikke er ryddet fullstendig opp.

## **4 Merking**

### **4.1 Merking av ytterpunkt**

Ytterpunkt på et akvakulturanlegg skal merkes med IALA-spesialmerke med en utforming slik det går frem av pkt. 4.3 under.

Avstanden mellom ytterpunkt som er merket skal være 150 meter eller mindre.

### **4.2 Bøyer til forankring eller fortøyning**

Bøyer til forankring eller fortøyning av et akvakulturanlegg skal ha gul farge som for et IALA-spesialmerke.

Bøyer til forankring eller fortøyning av et akvakulturanlegg kan også benyttes til samtidig å merke ytterpunkt på anlegget.

### **4.3 IALA-spesialmerke**

For IALA-spesialmerker som anvendes til formål etter dette vedlegg til forskriften gjelder krav til utrustning som følger:

#### **4.3.1 Overflatefarge**

Gul overflatefarge skal være innenfor de verdier som er angitt med hjørnekoordinater i henhold til CIE (International Commission on Illumination) standard kromatiske diagram i tabellen under.

*Tabell 9. Fargekoordinater i dagslys for vanlig overflatefarge*

	1		2		3		4	
	x	y	x	y	x	y	x	y
Gul	0,522	0,477	0,470	0,440	0,427	0,483	0,465	0,534

Standardfargene RAL 1023 TRAFIKKGUL og NCS S 1080-Y GUL møter kravet til gul overflatefarge.

#### **4.3.2 Dagslysfluoriserende gul refleks**

Spesialmerket skal ha panel med dagslysfluoriserende gul skiltfolie. Fargen på skiltfolien skal være innenfor de verdier som er angitt med hjørnekoordinater i henhold til CIE (International Commission on Illumination) standard kromatiske diagram i tabellen under.

*Tabell 10. Fargekoordinater i dagslys for fluorescerende skiltfolie*

	1		2		3		4	
	x	y	x	y	x	y	x	y
Gul	0,494	0,505	0,470	0,480	0,513	0,437	0,545	0,454

Panelen skal i dagslys kunne observeres på en avstand av 2 nautiske mil.

#### **4.3.3 Gult lyssignal**

Spesialmerket skal gi et lyssignal med følgende egenskaper:

- Farge: Gul
- Karakter: (benevnelse): Oc Y 2s
- Periode: 2 sekunder med 1,25 sekund lys / 0,75 sekund mørke (arbeidssyklus 62,5 %)
- Lysvidde: 3 nautiske mil
- Tilgjengelighet: 99,8% beregnet over en kontinuerlig periode på 3 år.

Lyssignal skal være synkronisert

Lyssignal skal kunne dokumenteres i henhold til IALA anbefalinger og veiledninger.

Kystverket kan i særlige tilfeller gi unntak fra kravet om lysvidde og kravet om synkronisering. Dette forutsetter en nærmere vurdering med hensyn til sikkerhet og fremkommelighet for sjøfarende, og andre relevante forhold.

#### **4.3.4 Radarreflektor**

Spesialmerket skal ha en radarreflektor med et radartverrsnitt på minst  $7,5\text{m}^2$  i X-båndet og  $0,5\text{m}^2$  i S-båndet.

Radarreflektoren bør monteres så høyt som praktisk mulig på spesialmerket.

#### **4.4 Annen merking**

Dersom det er påkrevd kan Kystverket pålegge annen merking i tillegg til IALA spesialmerke.

##### **4.4.1 Indirekte belysning (flomlys)**

Et akvakulturanlegg kan bli indirekte belyst som arbeidsbelysning eller for å gi sjøfarende et sekundærlys fra dette.

Indirekte belysning bør gi et midlere luminansnivå på akvakulturanlegget på  $2\text{ cd/m}^2$  ved lyse omgivelser og  $1\text{ cd/m}^2$  ved mørke omgivelser.

Når et akvakulturanlegg er indirekte belyst bør dets lokalitetsnummer og navnet på den eller de som innehar tillatelse på lokaliteten blyses særskilt.

Indirekte belysning eller annet lys på et akvakulturanlegg skal ikke blende sjøfarende.

##### **4.4.2 Radarsvarer (racon)**

Et akvakulturanlegg kan bli merket ved hjelp av radarsvarer (racon).

Radarsvareren skal operere i frekvensbåndene 2 900–3 100 MHz og 9 300–9 500 MHz.<sup>1</sup>

Radarsvarere skal sende signal som anvist av Kystverket.

Etablering av radarsvarer (racon) krever særskilt tillatelse fra Kystverket.

##### **4.4.3 AIS (Automatic Identification System) navigasjonsinnretning**

Et akvakulturanlegg kan bli merket ved hjelp av AIS (Automatic Identification System) navigasjonsinnretning.

AIS (Automatic Identification System) navigasjonsinnretning skal være satt opp med meldingstype og innhold for dette formål som anvist av Kystverket.<sup>2</sup>

Etablering av AIS navigasjonsinnretning krever særskilt tillatelse fra Kystverket. Det krever også radiolisens samt kallesignal/identitet utstedt av Telenor Maritim Radio.<sup>3</sup>

## **4.5 Anvisning til utførelse av IALA spesialmerke mv.**

### **4.5.1 Montering av utstyr**

Utstyret bør hvis mulig monteres på en 1,75–2 meter høy mast eller lignende.

Montasjen bør være i følgende rekkefølge ovenfra og ned:


1. lyssignal
2. radarreflektor
3. reflekspanel

### **4.5.2 Bære og støttekonstruksjoner**


Bære- og støttekonstruksjon skal tilfredsstille krav til oppsettingsutstyr etter Håndbok 062 Trafikksikkerhetsutstyr Tekniske krav (Vegdirektoratet) / NS-EN 12899-1 Faste, vertikale trafikkskilt - Del 1: Faste skilt.

Eksempler på merking av akvakulturanlegg

*Figur 10. Flytende akvakulturanlegg i sjø - oversikt*



*Figur 11. Flytende akvakulturanlegg i sjø - IALA spesialmerke*



1. Jf. Recommendation ITU-R M.824-3 (International Telecommunication Union) as revised.
2. Jf. Recommendation ITU-R M.1371-4 (International Telecommunication Union) as revised.
3. Jf. Recommendation ITU-R M. 585-5 as revised og ITU Circular Letter CM/17.